

Saksprotokoll i fylkesutvalet – 22. og 23.02.2017

Onsdag 22.02.2017

Fylkesutvalet var på fagdag i vest-kommunane:

- Omvisning og informasjon om CCB Ågotnes v/seniorrådgjevar CCB Cristian Valdes Carter
- Samla innsats frå verkemiddelapparatet - korleis regionalavdelinga/HFK jobbar og koordinerer verkemidlane v/fylkesdirektør regional utvikling Bård Sandal
- Utfordringar i vest-kommunane v/ordførarane i Øygarden, Sund og Fjell

Konkrete omstillingsprosjekt:

- HFK-støtta omstillingsprosjekt i regi av GCE Subsea v/leiar for forretningsutvikling GCE Subsea, Gunnar Buvik
- Rapport frå ein SMB i ei krevjande tid v/adm dir Anved Aarbakke jr. i Solid Vedlikehold
- HFK-støtta prosjekt for omstilling, samordna og målretta kunnskapsutvikling i regi av Gode sirklar v/styreleiar Tom Georg Indrevik
- Verkstedgruppen VNR og deira utfordringar v/adm. dir. Frank Karlsen i Karlsen & Son
- Avslutning v/fylkesdirektør regional utvikling Bård Sandal

Torsdag 22.02.2017

Sakene vart behandla i slik rekkjefølgje: 27-45/17, 52/17, 54-55/17, 46-51/17, 53/17, 56-60/17, 62/17, 43/17, ny sak 63/17.

INNSENDE SPØRSMÅL

Anne Beth Njærheim (V) hadde sendt inn slikt spørsmål:

«Skyss har lyst ut kontraktar for drift av sambandet Bergen - Askøy og Bergen - Knarvik. Der står:

Miljø, motorteknologi, drivstoff, utslepp:

Fartøyet skal tilfredsstille Sjøfartsdirektoratet sine miljøkrav, samt norske styresmakters miljøkrav forøvrig.

Oppdragsgivar krev at benyttet fartøy ikkje har et NOx-utslipp som overstiger Tier II kravet i MARPOL annex VI uavhengig av byggeår.

Eksosutløpa skal vere arrangert på ein slik måta at risikoen for eksos/eksoslukt i passasjerfasilitetar normalt ikkje førekjem.

Operatør skal ikkje nytte drivstoff med svovelinnhald over 500 ppm.

3.5 Særskilte krav til fartøya
(...)

Eg veit at me politisk i fylket gjekk inn for å stille strenge miljøkrav til ferjeflåten vår, gjorde vi ikkje det når det gjeld snøggbåt sambanda våre?

Ut frå det som står over kan det sjå ut som om vi ikkje gjer det.

Ber om svar på miljøkrav når det gjeld snøggbåtanboda våre.»

Fylkesordføraren svarte slik:

«Nytt anbud for båtsambanda Kleppestø-Strandkaaien og Knarvik-Frekhaug-Bergen er handsama i fleire saker i det seinare. I sak 249/2016, lagt fram for fylkesutvalet 20.10.16, vart det gjort greie for planane for nytt anbud. Det blir her vist til grep med ei kortsiktig kontrakt som i hovudsak vidarefører dagens krav til sambandet, men stiller krav til større kapasitet på fartøyet. Denne kontrakten er planlagt vare fram til ein ser det mogleg å legge til rette for meir miljøvenleg framdriftsteknologi for sambandet Kleppestø-Strandkaaien. Bakgrunnen for dette er skildra i saka.

I tråd med vedtak i denne saka vart det utarbeidd konkurransegrunnlag for anbudet med kortsiktig kontrakt. Saka vart fulgt opp med sak 305/2016 i fylkesutvalet, 8.12.2016, som gav fylkesrådmannen fullmakt til å kunngjere og tildele anbudet i tråd med tilrådinga. Kontrakten vil vare til 2021, med moglegheit for 1+1 års opsjonar.

Sak om strategiske vegval for bybåtsambanda i forkant av utlysing av ny langsiktig kontrakt vil bli lagt fram i tråd med tidlegare vedtak (sak 249/2016 i FUV). Saka skal omfatte mellom anna vurderingar av miljøvennlege framdriftsløysingar.»

Aud Karin Oen (SV) hadde sendt inn slikt spørsmål:

«Kan fylkesordføraren gjere greie for kva som er dei korrekte tala på passasjerar på bybana?»

Direktøren for Skyss svarte på spørsmålet.

SPØRSMÅL I MØTET

Kari Sørensen Bernardini (A) stilte slikt spørsmål:

«I mars stenges Rv.13 ved Deildo i 5 uker. Dette medfører problemer for både nærings- og persontrafikken i området, særlig i forbindelse med ferjestrekningen Kinsarvik - Utne. Hvilke tiltak vil bli iverksatt for å normalisere reisehverdagen for publikum på denne strekningen?»

Fylkesrådmannen vil kome tilbake med svar.